



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325
Svein Kornerud, 5557 2027
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
25.04.2018
Dykkar dato
15.12.2017

Vår referanse
2016/5084 421.3
Dykkar referanse

Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 Austrheim

Samordna uttale med motsegn – andre gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdelen for perioden 2016 - 2027

Vi viser til brev av 15.12.2017 med oversending av kommuneplanen sin arealdel til andre gongs offentleg ettersyn. Vidare viser vi til brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om delegering av myndigheit til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Denne samordna uttalen summerer dialogen mellom kommunen og Fylkesmannen i perioden for andre gongs offentlege ettersyn. Vidare refererer vi kortfatta frå møte den 11.4.2018, der det vert drøfta korleis kommunen kan kome vidare med planen på punkt der Fylkesmannen har vurdert moglege motstrid med statlege interesser i planlegginga.

Bakgrunn

Då planen var ute til første gongs ettersyn, vurderte Fylkesmannen at planen på ein del område ville stride mot nokre lovgjevne krav til utgreiing og planframstilling. Planen kunne òg få verknader for statlege interesser i planlegginga på ein slik måte at det var aktuelt for Fylkesmannen å fremje motsegn. Det vart difor halde eit dialogmøte den 17.8.2016. om framlegget. I det møtet vart det trekt følgjande konklusjon, med avtale om vidare framdrift:

Fylkesmannen oppfattar at dialogen har ført fram. Det er etablert semje om at planen har ein del manglar som må rettast opp før vi kan ta endeleg stilling til og vurdere verknadane av han. Vi ser difor ikkje trong for å vurdere å fremje motsegn til planen no.

Av særskilt viktige punkt som vi oppfatta at kommunen vil rette opp, nemner vi følgjande konklusjonar frå dialogmøtet:

- *Planskildringa må utfyllast og forankrast i ei tydeleg konsekvensutgreiing og ei områdevis og samla vurdering.*
- *Område som vert opna for naustbygging må visast korrekt og eintydig i plankartet.*
- *Det må etablerast byggegrenser, fortrinnsvis forankra i ei funksjonell strandsonevurdering, gjennomgåande i områda som er vist for spreidd utbygging.*
- *I område som er sett av til spreidd utbygging, må lova sitt krav til å fastsetje omfang og lokalisering oppfyllast, slik at verknaden av planen kan vurderast.*
- *Når det ligg føre eit revidert framlegg, vil planen bli lagt ut til nytt offentleg ettersyn.*

Etter det har kommunen arbeidd vidare med planen. Mellom anna er planskildringa oppdatert noko og det er lista opp tal på nye einingar i LNF-spreidd. Det har òg kome inn nye innspel som er vurdert i ny KU og merknadsdokument.

Samordning og kommunedialog

Fylkesmannen samordnar statlege uttalar til arealplanar, dersom statlege styresmakter har funne det aktuelt å fremje motsegn. Som del av denne samordninga er det tilrådd at Fylkesmannen drøftar dei aktuelle motsegnspunkta med kommunen som planstyresmakt, før Fylkesmannen tek endeleg stilling til om aktuelle motsegner skal avskjerast i ein samordna uttale. Dersom kommunen som planstyresmakt ønskjer ein slik utvida medverknad i høyringsfasen, kan kommunen utsetje Fylkesmannen sin frist for å gje uttale.

I denne saka har Fylkesmannen fått opplyst frå kommunen at alle andre statlege omsyn er løyst i eigen dialog med aktuelle etatar. Vi legg dermed til grunn at det ikkje står att aktuelle motsegnspunkt som må vurderast, som del av den statlege samordninga Fylkesmannen skal gjennomføre.

Under vegg i prosessen har kommunen elles orientert Fylkesmannen særskilt om det nye planframlegget i eit førebels arbeidsmøte (3.2.2018). Vi syner til referatet frå dette møtet, samt merknaden vår datert 20.2.2018 til referatet.

Etter dette møtet fekk kommunen oversend ei meir konkret attendemelding frå Fylkesmannen, slik at kommunen kunne få vurdere krav om endringar og såleis føreslå endringar i planen, før den vidare dialogen. På bakgrunn av desse førebelse innspela, vart det semje om å gjennomføre eit formelt dialogmøte, der kommunen ville leggje fram forslag til løysingar. Samstundes vart fristen for Fylkesmannen for å gje uttale utsett til etter møtet.

Dialogmøte 2

Møtet vart halde den 11.4.2018 i Statens hus.

Til stades frå Austrheim kommune

- Per Lerøy, ordførar
- Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar
- Thomas Lindås, byggesakshandsamar/ jurist.

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann
- Kjell Kvingedal, avdelingsdirektør
- Egil Hauge, fagdirektør
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar

Nedanfor gjev vi att kva tema som vart drøfta og konklusjonane som vart trekte for korleis kommunen i det vidare arbeidet sitt vil prøve å løyse dei aktuelle konfliktpunkta. For heilskapen si skuld, er òg nokre tema og råd som vart sendt kommunen i framkanten av dialogmøtet, men som ikkje konkret vart drøfta i møtet, tekne inn denne i gjennomgangen/uttalen.

Referat - dialogpunkt og konklusjonar frå møtet

Fylkesmannen ønska velkomen. Kommunen orienterte deretter om endringane i planen og korleis ein ser for seg å løyse dei delane av planen som Fylkesmannen har meint må rettast opp. Nedanfor gjev vi att dei ulike dialogpunkta, grunngjevinga for desse, samt oppsummering og konklusjonar frå møtet:

Planskildring og KU

Fylkesmannen har merka seg at planskildringa er noko oppdatert. Det er mellom anna lista opp tal på nye einingar i LNF-spreidd områda. Det har kome inn nye innspel som er vurderte i ny KU og merknadsdokument, men desse vurderingane kjem ikkje tydeleg til uttrykk i planskildringa. Vi kan ikkje sjå at kommunen har arbeidd vidare med planskildringane for å få fram kva som er tatt inn i planen til første og andre gongs offentleg ettersyn og korleis kommunen har vurdert desse. Det er ikkje gjort endringar i den delen av KU som låg føre frå første gongs ettersyn. Her er det framleis ingen sidetal, ingen innhaldsforteikning, det er KU på fleire tiltak saman og nokre konklusjonar er uklåre.

Fylkesmannen si vurdering er såleis at planskildringa framleis har ein del manglar når det gjeld krava i plan- og bygningslova (pbl.) § 4-2, med omsyn til hovudinnhald og verknad av planen. Planskildringa må innehalde nye områder som er tatt inn og ei vurdering av verknaden av planen. Det er laga ei konsekvensutgreiing (KU) for innspel, men det er i mange tilfelle ikkje samspel mellom tiltak det er gjort KU på og det som er tatt inn i kartet. Nokre stader er det tatt inn litt meir og andre stader noko mindre, eller noko litt anna. Nokre stader er det tatt inn tiltak som kom negativt ut i KU. Der KU foreslår avbøtande tiltak, til dømes plankrav, er ikkje det alltid følgt opp i føresegnene. Det er spesielt viktig at slike tilfelle vert vurdert i planskildringa. Det ser òg ut til å mangle KU for nokre område.

Fylkesmannen meiner at verknadane av planen ikkje er klare og at krava i pbl. § 4-1 ikkje fullt ut er oppfylt.

Oppsummering/konklusjon

- Austrheim kommune har vurdert innspelet. Kommunen la i møtet vekt på at dei har arbeidd mykje med kommuneplanen med dei ressursane ein har, og at er ein finn det vanskeleg å leggje mykje meir innsats ned i å betre desse delane av planen no.
- Fylkesmannen uttrykte forståing for det og for at planarbeidet ikkje må verte meir omfattande enn naudsynt. Samstundes vart det peika på at kommunen likevel bør jobbe noko vidare med planskildringa på dei viktigaste punkta, til dømes der planen ikkje viser tydeleg kva som er lagt inn i kommuneplanen og kva verknaden er. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg for brukarane og andre som skal medverke i oppfølginga av han i etterkant.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har gjennomført det som i planskildringa vert omtalt som ein «enkel ROS» (risiko- og sårbarheitsanalyse) i arbeidet med KU. Det går ikkje klårt fram til kva vurderingar som er gjort og kva kunnskap som er lagt til grunn i analysearbeidet. Fylkesmannen har spelt inn dei lovgjevne krava som i utgangspunktet skal gjelde. I samband med kommuneplanen sin arealdel skal det alltid avklarast potensiell fare i planområdet, og det skal stillast krav til vidare utgreiingar og tiltak for å handtere klårlagt risiko på reguleringsplannivå.

Planframlegget opnar etter det vi kan sjå for ein del nye tiltak utan plankrav. For dei aktuelle tilfella, må det då avklarast reell fare for området og utbyggingsføremålet, tilsvarande detaljeringskrav som det er på reguleringsplannivå. Risiko må vere avdekka og handtert på siste, formelle plannivå.

Kommunen har valt ut tema til ROS-analysen som "..vert rekna som aktuelle for det einskilde byggeområde..", utan at det kjem fram kvifor nokre tema ikkje er aktuelle. Det blir òg vist til at Austrheim ikkje har særleg stor risiko for naturhendingar, utan at det blir nærare omtalt eller dokumentert. Det er viktig å vurdere alle aktuelle tema i ein ROS-analyse. Og for tema som blir vurdert til å ikkje vere relevant for planområdet, må det kome tydeleg fram kvifor. Døme på grunngjeving og dokumentasjon for uaktuelle tema kan t.d. vere kort omtale av vurdering og referanse til aktsemdskart eller fagkyndige.

Tema som vert vurdert i ROS-analysen er brann, trafikk/tilkomst, alvorleg akutt sjukdom, havnivåstigning/klima og universell utforming. Vi saknar omtale og vurderingar av mellom anna skred, flaum, overvatn og farlege stoff.

Akseptkriteria som er lagt til grunn for ROS-analysen meiner vi gir ein svært høg grad av aksept for risiko i dei vurderingane som er gjort. Vi tilrår at akseptkriteria bør vere i samsvar med krava i TEK17 for naturfare på dette plannivået.

Det kjem ikkje fram kva framskrivingsperiode som er lagt til grunn for omsyn til framtidige klimaendringar. Føresegnene stiller krav til minimum byggehøgde på kote 3 meter, men det kjem ikkje fram kva som ligg til grunn for kravet. Føresegnene har eit krav om at «*Planlegging og utbygging skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand og stormflo..*». Kommunen kan med fordel konkretisere det meir.

Konsekvensutgreiinga har ein mangelfull risiko- og sårbarheitsanalyse. Det er usikkert om alle relevante tema er tilstrekkeleg utgreidde. Planframlegget gjer heller ikkje greie for korleis risiko og sårbarheit blir følgt opp gjennom omsynssoner og føresegner til planen.

Oppsummering og konklusjon

- Kommunen held fram at ein har arbeidd mykje med ROS-analysen og at dette temaet er prioritert av kommunen. Fylkesmannen kunne støtte dette, men var samstundes klar på at ein må vere sikker på at ein ikkje aksepterer for høg risiko. Vi oppfatta at det vart semje om at kommunen skulle jobbe vidare med ROS-analysen og at Fylkesmannen vil bli invitert inn i slutføringa av arbeidet på dette punktet.

LNF-spreidd utbygging

Fylkesmannen er positiv til at kommunen no har lagt inn tal på nye bustadeiningar i LNF-spreidd områda. Det er lagt inn 136 einingar. Vi kan ikkje sjå at kommunen har arbeidd noko meir med byggegrensa mot sjø. Ho går framleis ut i sjøen fleire stader.

Fylkesmannen si vurdering er at talet på bustader i LNF-spreidd er stort. I arbeidsmøtet med kommunen 13.2.2018 var kommunen samd i at det ikkje var naudsynt med så mange einingar, men kommunen ønskja ei fleksibel ordning. Kommunen vil legge inn eit maksimum tal på nye einingar til saman i LNF-spreidd i planperioden. Fylkesmannen legg det til grunn.

Formålet LNF-spreidd går mange stader heilt ned til sjøen (jf. uttalen vår til første ettersyn), sjølv om byggegrensa er sett ein anna stad. Vi meiner at det er må vere samsvar mellom byggegrensa og formålsgrrensa for ikkje å skape ein dobbeltkommunikasjon i planen. Vi meiner også i utgangspunktet at det ikkje skal ligge LNF-spreidd i 100-metersbeltet, då det i utgangspunktet vil stride mot det lovgjevne strandsonevernet. Om det likevel skal vere aktuelt, må det utgreiast konkret i kvart tilfelle. Fleire av LNF-spreidd områda femner òg om mykje dyrka eller dyrkbar jord.

Fylkesmannen si vurdering er såleis at formålsgrrensa for LNF-spreidd ikkje skal vere nærare sjøen enn byggegrensa. Kommunen må vurdere byggegrensa på ny. Ho skal til dømes ikkje gå ut i sjøen. Områda for LNF-spreidd skal i hovudsak ikkje innehalde dyrka/dyrkbar jord, sjølv med gode føresegnar tilknytt områda, då det kan gje grunnlag for dobbelkommunikasjon og seinare fortolkingsvanskar ved gjennomføringa av planen.

Oppsummering og konklusjon

- Planen si løysing LNF-spreidd utbygging vart diskutert. Det var semje om at kommunen skal sjå på desse områda på ny. Formålsgrrensa må samsvare med byggegrensa mot sjø. I dei områda der byggegrensa er lagt nærare sjø enn 100-meter, må det utgreiast og grunngjevast, slik at verknaden på strandsoneverdiane let seg vurdere. Kommunen må òg arbeide vidare med føresegnene til LNF-spreidd områda. Noko landbruksareal kan ligge i LNF-spreidd så lenge det er tydeleg i føresegn at det ikkje kan byggast på og heller ikkje delast opp på ein slik måte at medfører vesentlege driftsulemper for landbruket.

Byggeområde - Bustadområde

Fylkesmannen har meint at planskildringa er uklar når det gjeld behovet for nye bustader. Under overskrifta planomtalen står det at det er nok areal til utbygging, medan det under overskrifta arealvurderingar står at det er naudsynt med fleire bustader i Kaland-krinsen. Det må gjerast ei meir konkret vurdering av kvar det er naudsynt med nye bustadområde. Det bør vurderast og grunngjevast etter dei statlege planretningslinjer for bustad-, areal og transport-planlegging.

Vi har vidare spelt inn ein del konkrete, føreslegne bustadområde til drøfting, på bakgrunn av moglege motstrid mot statlege interesser. Det gjeld:

B10 (Leikvoll)

Området er LNF-området i dagens plan. Det ligg i eit område med myr og ser ut som det er i overkant av ein kilometer til næraste senter. Det ligg ein reguleringsplan rett ved som har mange ubygde tomtar. Fylkesmannen er kritisk til utlegging av nye område til bustad utanfor etablert senter, rett ved ein reguleringsplan med ledig kapasitet. Kommunen har ikkje signalisert at det er naudsynt med fleire bustadtomter her.

B38 (Toftegårdsområdet)

B38 er markert som eksisterande bustad, men etter det vi kan sjå er området vesentleg utvida. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei KU på området. Fylkesmannen si vurdering er at området er problematisk, då det ligg i strandsona og på overflatedyrka mark og innmarksbeite. Bustader vil kunne gje tap av landbruksareal samt privatisere strandsona.

B45 (Toftegård)

B45 ligg som LNF i dagens kommuneplan. KU på tiltaket er negativ når det gjeld landskap, friluftsliv, naturmangfald, landbruk, risiko og sårbarheit og miljø og klima. Det meste av området ligg i hundremetersbeltet og heile området er i dag ubebygd. Det ser også ut til at det er mange ledige bustadområde i nærleiken.

B06 (Toftegårdområdet)

I eksisterande plan er området bustad (B6) og LNF-formål, det står også N3 på kartet utan at vi kan sjå noko avmerking i kartet. I forslag til ny plan har området fått oransje farge (BE bygningar og anlegg?) og strekkjer seg heilt ned til sjøen. Det er i tillegg lagt inn eit småbåt-anlegg i sjø. Vi kan ikkje finne KU på dette området. Fylkesmannen meiner det manglar vurderingar og at vi ikkje kan ta endeleg stilling til dette. Strandsona ser fin og tilgjengeleg ut og vi er i utgangspunktet kritisk til nedbygging av strandsona.

B40 + BA (Vardetangen)

Dette området ligg som uavklart område etter prosessen knytt til kommunedelplan (KDP) for Leirvåg, Litlås, Kaland, Fønnes. Fylkesmannen hadde der motsegn til desse områda. I motsegnsbrev datert 08.10.2009 uttalte vi at:

B40 Vardetangen bustadområde

*Fylkesmannen er kritisk til etablering av bustadområde her. Området ligg utan direkte tilknytning til eksisterande busetnad og relativt langt frå senterområde med skule, butikkar og liknande. Dette kjem i konflikt med den nasjonale målsetjinga om at arealpolitikken både nasjonalt og lokalt skal leggje til rette for reduserte utslepp av klimagassar (St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand). Området ligg vidare nær opptil eit regionalt svært viktig friluftsområde, jamfør rapporten "Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland" (Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune 2008). Med dette som bakgrunn fremjar Fylkesmannen **motsegn** til område B40.*

Byggjeområde sør for B40

*Sør for B40 er det sett av eit byggjeområde utan nærare opplysningar om kva det er tenkt nytta som. Dette er ein svært open arealkategori, og det er vanleg å nytte føresegnar for å leggje føringar for arealbruken i slike område. Fylkesmannen kan ikkje ta stilling til dette arealføremålet før det er opplyst kva området er tenkt nytta til, og dette er innarbeidd i føresegnene. Med dette som bakgrunn fremjar Fylkesmannen **motsegn** til byggjeområdet.*

Kommunen tar no områda inn att i kommuneplanen. Det er gjort ei KU på området. Denne konkluderer med negativ verknad på landskap, friluftsliv, strandsona, bilbasert utbygging, miljø og klima (ekstremvær).

Deler av bustadområda BA og B40 er også klassifisert som myr. Så vidt vi kjenner til er det ikkje gjennomført naturtypekartlegging her, men truleg kan myrane i dette område karakteriserast som kystnedbørsmyr som er ein trua naturtype som Norge har eit særleg forvaltingsansvar for. I tillegg til direkte nedbygging av myr, vil areal som ikkje vert direkte råka, bli drenert ut og tørrlagde. Fylkesmannen sitt utgangspunkt er difor at B40 og BA må takast ut av planen.

B42 (Ervikane)

Dette område ligg som LNF i dagens kommuneplan. KU er negativ på friluftsliv, helse (tilgang til sjø), born og unge (bade plass) og strandsone. Det vert rekna som positivt at det ikkje er registrert kulturminne her og at fjerning av skog kan avgrense brannfare. Fylkesmannen si vurdering er at dette er bilbasert utbygging i strandsona og er på bakgrunn av dette kritisk til forslaget.

Oppsummering og konklusjon

- Kommunen sa at ein er innstilt på å ta ut B10, B38 og B06. Etter diskusjon oppfatta vi at det vart semje om at det er betre å vurdere vidare bustadbygging med bakgrunn i område B38 enn på B45 fordi det allereie er nokon bustader i området B38, medan B45 er heilt ubygd.
- I område ved Vardetangen vart det semje om at kommunen kan byggje ut noko her, men då knytt til område B42 og delar av BA området. Dersom det er trong for det, kan Fylkesmannen akseptere at òg ein mindre, søre del B40 kan visast til bustadformål. Vi legg til grunn at det i så fall skjer etter ei grundig vurdering av verknadane når det gjeld landskap, naturmangfald og friluftsliv. Her er det særleg viktig å avgrensa området av omsyn til friluftslivet på Vardetangen. Området nærast sjøen i BA område har verdiar som bør takast vare på. Det skal settast som LNF- formål. Det var elles semje om at kommunen vil vurdere heilskapen i mellom ny og eksisterande plan-situasjon i området kring Vardetangen.

Naust og småbåthamner

I planskildringa står det at det er sett av ein del mindre naustområde i planen der det er naust frå før og at det er fortetting i eksisterande naustområde. Nye naustområde er også lista opp med namn, men utan nr. Det er knytt småbåthamner til naustområda. Det er føreslege fritak frå detaljregulering for inntil fem naust og etablering eller utviding av kaiar, flytebrygger eller småbåtanlegg inntil ni båtplassar jf. føresegn § 1.2.2 f og g. Det vil i praksis seie at det ikkje er plankrav på naustområda. Fylkesmannen er kritisk til det. Det kan vere greitt i nokre område, om det vert klargjort tal på naust i kvart enkelt naustområde. Det må gjerast konkrete vurderingar i kvart enkelt naustområde. Konsekvensutgreiinga rår til plankrav på fleire av områda. Fylkesmannen har vurdert at planen må rettast opp når det gjeld desse punkta og har elles gjort følgjande konkrete vurdering av einskilde område:

Krossøy

Området er LNF- område i dagens kommuneplan. I ny plan er området naust og småbåthamn. KU og merknadsdokument tilrår at det vert stilt plankrav. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette er fortetting av eksisterande naustområde. Område ligg i eit verdifullt kystlandskap som ikkje er utbygget frå før. Fylkesmannen vurderer at området med naust- og småbåthamnformål må takast ut av planen.

Langøyna

Området er i dagens kommuneplan LNF-område på land og småbåthamn i sjø. I planforslag er området markert som naust og småbåthamn. Det er gjort KU på naust og bustad, men berre naust er tatt inn i plan. KU er negativ på bustad, men det er uklart korleis nausta er vurderte. Fylkesmannen meiner at det her blir opna for nye områder for naust i sårbart landskap. Det er ingen naust i dette område i dag.

Nord på Langøyna er det markert fleire område som eksisterande naustområde. Vi kan ikkje sjå at noverande plan opnar for naust i heile dette område. Det er ikkje KU på området.

Sævrøyna aust (ikkje nr i plankart)

I eksisterande plan er området vist som spreidd bustad. I ny plan er område sett av som naust og småbåthamn. KU er positiv. Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket i hovudsak er greitt. Noko av området er svært bratt og krev store terrenginngrep om ein skal plassere fleire naust her, men det bør vurderast om området bør reduserast. Her er det fordel med plankrav.

Dyrneset (ikkje nr i kart)

Området er LNF og LNF-spreidd i dagens plan. I nytt planforslag er området sett av til naust og småbåthamn. KU er positiv, men har slått fleire tiltak saman og utvida området med småbåthamn og naust på holmen utan KU eller andre vurderingar. Fylkesmannen er kritisk til utvidinga med småbåthamn og naust ut på holmen.

Austrheim (ikkje nr i kart)

Området er LNF spreidd i eksisterande plan. I ny plan er området sett av til naust med småbåthamn. Fylkesmannen er kritisk til at badevika er med i naustområdet. Det ser elles ut som det er naudsynt med sprenging eller fylling for deler av området. Litt fortetting bør elles kunne akseptast.

Bergsvik (ikkje nr i kart)

Område ligg som LNF-spreidd i dagens kommuneplan, og er foreslått endra til naust med småbåthamn. Det ser ut som område blir frårådd i KU til førstegongs ettersyn og tilrådd i KU til andregongs ettersyn. Fylkesmannen si vurdering er at område er bratt dei fleste stader der det ikkje allereie er naust. Det er mykje overflatedyrka jord i bakkant. Fylkesmannen meiner det bør vere plankrav.

Lerøyna

Område er LNF-spreidd i dagens plan. Det er foreslått naust med småbåthamn i ny plan. KU tilrår, men vurderer fleire tiltak saman slik at den er vanskeleg å tolke. Fylkesmannen si vurdering er at det er landskapsmessige utfordringar ved å utvide innover i vika. Formålet bør etter Fylkesmannen sitt syn vurderast avslutta ved eksisterande naust.

Hopland

På Hopland er det tatt inn eit område med naust og småbåthamn. Det er ingen KU på det. Fylkesmannen saknar ei betre vurdering, men at det elles ser relativt kurant ut då det allereie er eit eksisterande naustmiljø her.

Frøland

Det er lagt inn eit område med naust med småbåthamn på Frøland. Her er det berre eitt naust frå før og lite busetnad rundt. Området har relativt greitt terreng og det går veg til området i dag, men ei eventuelt utbygging bør skje varsamt.

Gassevågen

Området er LNF i dagens kommuneplan. I forslag til ny plan er området sett av til naust. KU på to områder fekk -3, eit blei tatt inn i plan. KU peikar på at det er viktig med reguleringsplan her. Fylkesmannen si vurdering er at det ligg eit fint naustområde her i dag og området er brukt til friluftsliv. Fylkesmannen rår til plankrav.

Ervikane

Området ligg som uavklart i KDP for Leirvåg, Litlås, Kaland, Fønnes. Fylkesmannen hadde motsegn til desse områda i KDP. Området som no er lagt ut er større enn det Fylkesmannen meinte kunne akseptere i kommunedelplanen.

Det er uklårt om det er KU på naust og småbåthamn. Det kan sjå ut til at KU med tiltak nr. 33 og 47 er tenkt som KU på naust og småbåthamn. Denne KU-en har fått -3.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er nye argument når det gjeld dette området. Det sørlege området bør ikkje byggast ut av omsyn til landskap, nedbygging av relativt urørt strandsone og badeplass.

Toftegård

Området er regulert til friluftsområde i *Reguleringsplan for Toftegård* frå 2011. Fylkesmannen hadde motsegn til naust, køyrevog og at bustader var plassert for nær sjø. KU til førstegongs ettersyn var negativ. Til andregongs offentleg ettersyn er det laga ny KU når det gjeld eit mindre naustområde, men med veg. Denne konsekvensutgreiinga er positiv. KU-område til førstegongs ettersyn er tatt inn i planen. Fylkesmannen meiner som eit minimum at området må reduserast.

Søre Fønnesvåg

Det er lagt inn fleire område med naust og småbåthamn her. Området er uavklart i kommunedelplan for Litlåsen – Leirvåg – Kaland – Fønnes, då Fylkesmannen hadde fremja motsegn. Områda som no er tatt inn i kommuneplanen er fleire av dei same områda (resten er markert om reguleringsplan som skal gjelde uendra). Vi kan ikkje sjå at det er KU på desse områda.

Fylkesmannen meiner at deler av forslaga kan akseptast, men merkjer oss at terrenget generelt er bratt, så terrenginngrep ser naudsynt ut. Kommunen må då gjere nærare vurderingar av verknadene av å ta inn dei nye områda, slik vi også sa i vår motsegn til KDP for Litlåsen – Leirvåg – Kaland – Fønnes.

Oppsummering og konklusjon

- Kommunen la fram forslag til løysingar. Fylkesmannen oppfatta at det vart semje om at plankravet for naustområde må slå inn etter tre naust og ikkje etter fem naust slik som foreslått. Det skal klargjerast kor mange naust det kan oppførast i kvart naustområde og i område med meir enn tre nye naust slår plankravet inn frå naust nummer ein.
- Når det gjeld konkrete naustområde med småbåthamn, vart det semje om at kommunen tar ut Krossøy og Langøyna. Det var også semje om at i Austrheim må badeområde sikrast. På Lerøyna må område avgrensast til område mellom kai og eksisterande naust. I Ervikane må naustområdet avsluttast før badevika, slik at det sørlege området vert tatt ut. På Toftegård var det også semje om å minimum halvere området med naust og småbåthamn. I Søre Fønnesvåg vart det semje om å ta ut småbåthamna.

Næringsområde

Utkilen (utan nr)

Område er LNF-spreidd i dagens plan. KU er negativ, men omhandlar fleire tiltak enn det som er tatt inn, så han er vanskeleg å tolke. KU er klar på at det er viktig med føresegn til næringsområdet. Området har ikkje fått nummer og har ikkje føresegn knytt til seg.

Øksnesmarka

Øksnesmarka ligg inne i dagens kommuneplan, vist med næringsføremål. Eldre planar som ikkje er realiserte, må likevel vurderast i høve til ny kunnskap og statlege føresetnader for arealforvaltninga. Området vart tatt ut til førstegongs ettersyn, men inn igjen til andregongs ettersyn. Konsekvensutgreiinga er negativ (-8) og rår til at område vert liggande som LNF-formål.

Øksnes må klassifiserast som eit naturområde av nasjonal verdi. I alle fall delar av området inngår som kystlynghei som er ein sterkt trua (EN) og utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52. Reglane for utvald naturtype av naturmangfaldlova § 53 gjeld også førekomstar som ikkje endå er kartlagde og registrerte inn i naturbase.

Ut frå flyfoto og anna kartgrunnlag, kan det sjå ut til at det i tillegg kystlynghei er areal som kan klassifiserast som naturtype naturbeitemark (VU-sårbar). Typisk er det ein naturtype som inngår i mosaikken med kystlynghei, myr og våtmark. Det er ofte mange beitemarksoppar knytt til naturbeitemarkene. Mange av desse artane er trua. Det er stort potensiale for slike naturverdiar i planområdet.

Det gjeld også den trua naturtypen kystnedbørsmyr og/eller rikmyr (EN) som er ein del av denne mosaikken. Det meste av myr i Europa er drenert og øydelagt. Det er i Noreg vi har dei fleste intakte førekomstane og dermed dei mest verdifulle nedbørsmyrane. Såleis har vi eit særleg forvaltingsansvar for naturtypen. Dei siste åra har regjeringa også satt av ressursar til å restaurere myrar som allereie er drenerte både i eit klimaperspektiv og for å betra levekåra for artsmangfaldet. Ein stor del av myrområda i låglandet i Norge er allereie drenerte og øydelagde. Såleis vert det også i dette perspektivet særleg viktig å ta vare på variert mosaikk med trua naturrepresentativt for kystnaturen i Austrheim og Nordhordland.

Det er i løpet av 2016 og 2017 gjort fleire funn av den sterkt trua (EN) sommarfuglen breibandpraktviklar innanfor planområdet. Arten er svært sjeldan på Vestlandet og er knytt til lynghei og planta kusymre hjå oss. Basert på artsfunn registrert i Artskart er det mykje som tydar på at planområdet utgjer eit tyngdepunkt for utbreiinga i Norge. Området er ein av to registrerte førekomstar i Hordaland og den nordlegaste for arten i Norge. Fordi breibandpraktviklaren er sterkt trua og Øksnesmarka er ein særleg viktig levestad for arten, vert førekomstane her særleg viktige om vi skal nå forvaltingsmålet om å sikre arten på lang sikt i Norge jf. naturmangfaldlova § 5 om forvaltingsmål for artar.

Konsekvensen av ei utbygging av næringsområdet på den sterkt trua breibandpraktviklaren og sannsynlege førekomstar av dei trua naturtypene kystlynghei, kystmyr og naturbeitemark, vil vere ei øydelegging av desse nasjonalt viktige naturkvalitetane.

Oppsummering og konklusjon

- Etter å ha vurdert Fylkesmannen sine innspel, signaliserte kommunen at ein vil kunne ta ut næringsområdet på Utkilen.
- Når det gjeld Øksnesmarka blei det klart i møtet at kommunen i utgangspunktet ønskjer å vurdere ei anna og avgrensa utstrekning på næringsarealet enn kva som ligg føre i planforslaget. Fylkesmannen signaliserte etter dee at vi då ikkje tar stilling til planframlegget, før det ev. føreligg eit forslag som er i tråd med kommunen sitt eige ønske og ei konsekvensutgreiing for eit endra framlegg ligg føre. Samstundes vart det peika på at slik planframlegget for Øksnesmarka no ligg føre, finn Fylkesmannen det naudsynt å fremje motsegn.

Camping og Turistformål (TU) Øksneset

Øksneset (ikkje nr i plankart)

Her er fleire nye naustområde samla med småbåthamn utanfor. Det er også lagt inn eit turistformål (TU).

KU nr 51 er positiv, men peikar på at det bør vere plankrav for heile området. Det er elles tatt inn eit større område enn det er gjort KU på. Den fokuserer etter det vi kan sjå i hovudsak på bruk av området til havsport.

Fylkesmannen vurderer at den ytre del av området, vist som TU, er lagt til eit område med verdifull strandsone og gode kvalitetar for friluftsliv. Vi meiner difor at dette området har fått ei særskild plassering og må takast ut. Det bør òg vurderast om småbåthamna knytt til dette anlegget i staden kan plasserast lengre inne i vika.

Rebnor camping:

Området er LNF i dagens kommuneplan. Det er ingen utbygging der i dag. Fylkesmannen vurderer at området har store strandsoneverdiar. Desse må leggjast til grunn for planlegginga og utbygginga i området. Det er ikkje vurdert og sett byggegrens mot sjø. KU er tydeleg på at det ikkje bør vere varige tiltak i strandsona her.

Oppsummering og konklusjon

Fylkesmannen oppfatta at det var semje om følgjande:

- Kommunen vil ta ut TU formålet på Øksneset.
- Rebnor camping må området reduserast vesentleg og trekkast vekk frå strandsona. Området i strandsona kan visast som friområde der ein kan leggje til rette for friluftsliv med moglegheit for å sjøsette små båtar/kajakkar eller liknande. Dette området skal ikkje privatiserast av campingplassen men vere eit område som er ope for alle.

Massehandtering av jord og torvmassar. Anleggsmål merka D:

Generelt registrerer vi at det ikkje er knytt føresegn til dette føremålet, bortsett frå at nye område har plankrav. Det bør klargjerast at det er snakk om å nytte berre reine jord og torvmassar, der føremålet er å forbetre landbruksjord. Det er det det er gjort KU på. Alle områda er synt som nye i denne kommuneplanen, men nokre eksisterer reelt frå før. Det kan med fordel klargjerast i planskildringa.

D1 (Kaland)

Område er LNF-formål i dag og vert no sett til deponi i ny KPA. KU rår til at tiltaket blir trekt vekk frå strandsona. Det er uklart om det er gjort, pga. mangelfullt kart og ingen vurderingar i planskildringa. Vi rår til at kommunen klårgjer det nærare.

Oppsummering og konklusjon

- Kommunen var samd med Fylkesmannen om at det er fornuftig å klargjere at områda er tenkt som deponi for jord og torvmassar og at det skal forbetre landbruksjord.

Arealbruk i sjø – akvakultur

Område for fortøyingar er ikkje tatt med i plankartet eller i føresegnene. Fylkesmannen meiner generelt at dette bør gjerast for å klargjere interessekonfliktar i område. Fleire av områda kjem til dømes i konflikt med naturtype større kamskjelførekomstar. Vi saknar også ei kortfatta skildring planen sitt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for forvaltninga av sjøområda og ein overordna KU som omtaler kva verknader planen kan få for miljø og samfunn. Vi rår til at planen vert oppjustert på desse punkta. Om planen vert endra på tema akvakultur, må Fylkesmannen vere høyringspart før planen kan godkjennast.

Oppsummering og konklusjon

- Det vart semje om at kommunen tar inn ei generell vurdering av akvakultur som heilheit i fjordsystemet i planskildringa. Det vart drøfta om kommunen burde ta inn fortøyingane til akvakulturanlegga i planen. Kommunen klargjorde at fortøyingane er inne nokre stader, men at dei ikkje ønsker dette andre stader fordi det vil vere hemmande for andre viktige omsyn. Fylkesmannen tek dette til etterretning.

Omsynssoner mv.

Fylkesmannen har nokre kommentarar til bruken av omsynssoner. Det gjeld:

Bandlegging for regulering (H710)

Fleire område er bandlagt for regulering, utan at det er gjort vurderingar i KU eller planskildring. Det er heller ingen føresegn knytt til omsynsona. Fylkesmannen tek det til etterretning. Vi gjer kommunen merksam på at områda ikkje er klarert for utbygging og ventar på ein eventuell reguleringsplan før vi kan vurdere og ta stilling til ny arealbruk.

Utviding av omsynssone naturmiljø - sjøfugl

I forvaltingsplan for sjøfugl har Fylkesmannen føreslått eit ekstra omsyn i særleg viktige sjøfuglområder. Austrheim kommune har allereie tatt delar av området inn i KPA som omsynssone H560_22. Vi vil tilrå at ein utvidar dette området til også å gjelde Grunnosen og sørvestover Stussøyna og Øksnesskjera.

Oppsummering og konklusjon

- Kommunen gav uttrykk for at vil vurdere dette området i sin handsaming av merknader.

Grønstruktur/Friområde - Mastervik

I tillegg punkta ovanfor, har Fylkesmannen tidlegare gitt råd knytt til dette området, jf. diskusjonsnotat i forkant av møte. Området er endra frå LNF til Friområde. Det er ikkje registrert særlege miljøkvalitetar knytt til arealet, men det er ei myr som går ned til stranda. Generelt er dette eit naturprega areal som etter vårt syn må kartleggast og vurderast av biolog, før vi kan ta stilling til verknaden av eventuelle tiltak. Dersom det vert registrert viktig natur i

området, legg vi til grunn at det vert teke inn i og vurdert omsyn til i vidare reguleringsplanarbeid.

Føresegner til planen

Føresegnene til planen var ikkje eit eige tema under drøftingane i møtet. Delar av merknadane våre nedanfor vart likevel drøfta i gjennomgangen av dei ulike føremåla og områda og vil vere å sjå på som løyste, med dei endringane som kjem fram av konklusjonane frå møtet. Attståande punkt, ber vi om å få drøfte konkret med kommunen i den vidare dialogen i forkant av nytt ettersyn, ev. som ein del av det.

§ 1-1 om gjeldande reguleringsplanar

Slik som føresegna er og slik det er vist på plankartet, reknar vi med at kommunen legg inn omsynssone etter pbl. § 11-8 f for reguleringsplanar som skal gjelde uendra. Slik må vi forstå forslaget. Vi gjer merksam på at då gjeld reguleringsplanane heilt uendra. Ny kommuneplan kan ikkje supplere reguleringsplanane på noko punkt. Då gjeld t.d. heller ikkje krava som kommunen foreslår i §§ 1.4, 1.5 m.m.

Fylkesmannen har orientert kommunen om at vi vurderer det som naudsynt å ha motsegn til § 1-1, då det ikkje er heimel for den føreslegne løysinga. Motsett utgangspunkt skal gjelde. Ny kommuneplan må føre til oppjustering av vedtekne reguleringsplanar. Dersom kommunen ønskjer å gjennomføre § 1-1 slik den er foreslått, må kommunen vise at alle vedtekne reguleringsplanar er gjennomgatte for å sjå at dei er i samsvar med regionale og nasjonale omsyn, sjå pbl. § 11-8 f. Her vil det særleg vere aktuelt for byggegrense til sjø. Det går ikkje fram at kommunen har gjort det.

Fylkesmannen er elles usikker på om alle regulerte område er inne i kommuneplanen. Det kan skapa fortolkingsvanskar. Vi ber om avklaring på det for å kunne vurdere planen endeleg.

§ 1.2.2 – plankrav

Det kan ikkje akseptrast fleire enn tre naust før det er krav til plan, sjå forslaget pkt. g. Unntaket må også formulerast annleis. Der det er plass til fleire enn tre naust, må det vere plankrav allereie frå det første naustet. Elles er det i praksis vanskeleg å sette noko grense for plankravet. Punktet har også samanheng med krav til område for naust, sjå nedanfor.

§ 1.6.12 Naust

Fylkesmannen er nøgd med føresegn som er foreslått for bruk og utforming av naust. Men vi ser det likevel som naudsynt at kommunen tek inn ytterlegare føresegner for utforming av naustområda. Som nemnd ovanfor har det samanheng med m.a. plankravet. Det er trong for føresegner om ferdsel forbi naust og friområde, eventuelt badeplass, knytt til naustområde. Vi kan utdjupe det i samarbeid med kommunen og legge fram eksempel på føresegner om det.

§ 1.6 byggegrenser

Generelt skal det ikkje vere anna byggegrense til sjø for LNF spreidd enn det som går fram av pbl. § 1-8. Her skal hundremeters byggeforbod gjelde. Unntak må særskilt utgreiast og grunn-gjevast.

Generelt om bygging til sjø – m.a. §§ 1.6.4, 1.6.5 og 1.6.6 med fleire

Nokre av punkta er uklåre og må endrast. Men først og fremst saknar vi ei generell føresegn som vil kunne regulere mykje av det som kommunen her også vil legge til grunn for plasser-

ing av tiltak til sjø. Det er punkt som er henta frå retningslinene for forvaltning av strandsona samt frå den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland. Vi viser til følgjande punkt frå sistnemnde, med nokre endringar:

- *Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak skal trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar skal om mogleg skje i retning vekk frå sjøen.*

Dei einskilde tiltaka som kommunen har tatt inn i §§ 1.6.4 og 1.6.5 må få ei slik overordna føresegn og tilpassast det.

§ 1.6.7

Det er foreslått flytebrygger til alle eksisterande byggeområde utan at det er særskilt vist på kart eller anna. Fylkesmannen ser at det kan vere akseptabelt med visse felles småbåtanlegg knytt til naustområda, der tilhøva ligg til rette for det, men føresegnene må i så fall skrivast om for å fange opp det. Sik dei står, kan Fylkesmannen ikkje akseptere føresegnene.

§ 1.6.9

Punkt c og d er uklåre og for lite presise. Kommunen må sette klårare krav til uteareal.

§ 2.1.1

Det er riktig at pbl. § 11-10 nr. 1 berre gjeld for eksisterande utbygde områder og der nye tiltak kan innpassast i beståande struktur og underordne seg beståande utbygging, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007 – 2008) side 223. Men paragrafen gir ikkje heimel til utan plan å bygge noko anna enn mindre byggetiltak. Føresegna må rettast opp til å gjelde for det som her er nemnt og for mindre byggetiltak.

§ 3.1.1

Det er viktig å presisere at ved bygging i LNF-områda skal heller ikkje tilkomstveg leggjast over dyrka/dyrkbar mark. Kommunen gav i møte uttrykk for at ein ville rette dette opp.

§ 3.3

Vi ser ikkje trong for å ha til motsegn til føresegna, men slik som hovudformålet er inn-skrenka, må det også visast på arealplankartet. Elles vil det kunne bli misforstått. Fylkesmannen meiner føresegna må endrast, då det ikkje er samsvar mellom føresegner og plankart.

Konklusjon

Fylkesmannen legg i denne saka til grunn at den utvida dialogen om andregongs ettersyn av kommuneplanen sin arealdel på dei fleste punkta har ført fram.

Det betyr at dersom dei endringane som går fram av konklusjonane ovanfor frå møtet vert tekne inn i planen, ser Fylkesmannen det slik at det ikkje er trong for å vurdere nærare om det skal fremjast motsegn til desse punkta no. Vi legg då òg til grunn at Austrheim kommune har signalisert i møte at endringane som vil bli gjort i planen vil få eit omfang som gjer det naudsynt å leggje planen ut på eit tredje offentleg ettersyn. Vi er samd i det og legg det til grunn at det vil bli gjort.

Fylkesmannen har likevel funne det rett å vere tydeleg på at det er knytt motsegn til å ta inn industriområde i Øksnesmarka, slik det no er vist i planen. Det grunngeiv vi med at konklusjonane i KU, samt ny kunnskap om området peikar mot at ei stor utbygging her kan få store negative verknader på svært viktig naturmangfald og på landskaps og friluftslivsinteressene i området.

Vi takkar for godt samarbeid om kommuneplanen så langt. Fylkesmannen er innstilt på å bidra vidare i arbeidet med slutføringa av planen, inklusive ein nærare dialog om ROS-analysen og føresegnene til planen, med sikte på å kome fram til ei løysing som kan vedtakast av kommunen.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen